



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
52/20	Formannskapet	03.04.2020
33/20	Kommunestyret	28.04.2020

### Sluttbehandling - Planendring for LARSNES MEK

#### Samandrag:

Larsnes Mek Verksted har utarbeidd ein detaljreguleringsplan for området på Holmen og det tiliggande sjøområdet. Gjeldande reguleringsplan for det aktuelle området er reguleringsplanen for Larsnes sentrum som vart godkjent av Sande kommunestyre 08.03.2005. Vidare ligg det ein del premisser for det aktuelle området i gjeldande arealplan som vart godkjent av kommunestyret i slutten av 2015.

Detaljreguleringsplan for det aktuelle området var til handsaming i formannskapet 02.10.2018 og eit plangrunnlag vart då lagt ut til høyring frå 09.11.2018 til 21.12.2018.

Etter at høyringsrunda var gjennomført melder Larsnes Mek Verksted 13.03.2019 at ein ynskjer at detaljreguleringsplanen skal opne for ein større hall over tørrdokka.

Dette medfører at planforslaget måtte leggast ut til nytt offentleg ettersyn gjennom nytt vedtak i planutvalet i kommuna.

FSK- 78/19 Vedtak:

«Sande formannskap godkjenner den framlagde detaljreguleringsplanen for Larsnes Mek. Verkstad rev 2 datert 03.09.2019 m/reguleringsføresegner og plankart for Vertikalnivå 2 for landareal, Vertikalnivå 4 for sjøbotn og Vertikalnivå 5 for sjøsøyle.

Sande kommune føreset at det vert arbeidd med gode visualliseringar av planområdet og fasadeutforming av sjølve hallkonstruksjonen.

Planframlegg med føresegner og tilhøyrande saksdokument vert å legge ut til offentleg ettersyn og å sende til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.»

Saka var lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 21.11.2019 – 10.01.2020.

I løpet av perioden kom det inn 12 merknader. Merknadane er gjennomgått og kommentert av forslagsstiller i møtereferrat dat. 27.01.2020.

Forslagsstiller ønska etter høyringsrunden å endre plassering av dokk og hall ved å flytte dei 10 meter lenger mot aust. Dette vart gjort og endringa kjem fram på vedlegga til saka. Etter samtale med plansamordnar Johnny Loen i Møre og Romsdal Fylkeskommune vart det klart at endringa var av så liten art at ny utlegging til offentleg ettersyn ikkje var naudsynt.

Naboar til planområdet vart tilskrivne den 17.02.2020 og vart gjevne ny frist til 13.03.2020 med å uttale seg til endringa. Det kom inn 5 kommentarar etter denne

høyringa.

Kommunen sin handsaming av innkomne kommentarar/innspel er lagt ved i eige skriv.

**Vedlegg:**

2298 Planomtale\_rev 4\_10.02.2020

2298-100 reguleringsplan på grunnen\_rev 4\_10.02.2020

2298-101 reg \_sjøbotn\_rev 4\_10.02.2020

2298-102 reg \_sjøsøyla\_rev 4\_10.02.2020

2298-Føresegner\_rev 10.02.2020

C1 Sjekkliste ROS

C2 Sjekkliste naturmangfald

C3 Erstatta av C7-2

C4 Målerapport Radon

C5 Støyrapport: SINUS rapport 10790700-0—R01 dat 04.06.2019

C6 Sol-skyggeanalyse rev 4

C7-1- Vurdering av verknadar - hall rev 3\_10.02.2020

C7-2 :3D-Illustrasjonar Rev 3\_10.02.2020

2298-A1\_2 - off ettersyn-Vurdering\_merknader

2298-F102\_Rev 1 Prinsippsnitt-Tørrdøkk

2298-U100-U122\_rev1

Merknader ved offentlig ettersyn

Innspill til regulerings sak - Holmen

**Kommunestyret 28.04.2020:**

**Behandling:**

Einar Ekroll, Frp fekk habiliteten sin vurdert grunna naboforhold til utbygger (Fvl. § 6, 2. ledd). Vebjørn Torset tok hans plass.

Silje E. Riborg, Sp fekk habiliteten sin vurdert grunna slektskap med nabo (Fvl. § 6 b)). Inga Dalen Slettestøl tok hennar plass.

Mathias B. Gjerde, Sp fekk habiliteten sin vurdert grunna slektskap med nabo (Fvl. § 6 b)). Beate Jankovske tok hans plass.

Rasmus J. Ekroll, Ap fekk habiliteten sin vurdert grunna naboforhold til utbygger (Fvl § 6, 2. ledd) Sara F. Wiik tok hans plass.

Sindre Settestøl, H fekk habiliteten sin vurdert grunna slektskap med aksjeeigar (Fvl. § 6 b)) Elisabeth Kirkholm tok hans plass.

Einar Ekroll vart samrøystes kjent inhabil.

Rasmus J. Ekroll vart samrøystes kjent inhabil.

Silje E. Riborg vart samrøystes kjent inhabil.

Mathias B. Gjerde vart samrøystes kjent inhabil

Sindre Slettestøl vart samrøystes kjent inhabil.

21 røysteføre.

Ordførar foreslo Arnliot Muren som settevaraordførar i saka. Framlegget vart samrøystes godkjent

**Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.**

**KST- 33/20 Vedtak:**

Reguleringsplan for Larsnes Mekaniske Verksted med vedlegg:

2298-100 reguleringsplan på grunnen\_rev 4\_10.02.2020,  
2298-101 reg \_sjøbotn\_rev 4\_10.02.2020,  
2298-102 reg \_sjøsøyla\_rev 4\_10.02.2020 og  
2298-Føresegner\_rev 10.02.2020

vert godkjent med fylgjande endring i reguleringsføresegnene:

§4.1.1 b) Planlagt tørrdokk kan byggast over med vist planlagt overbygg. Gesimshøgde skal ikkje overstige 30 m over tilgrensande kai-nivå. Mønehøgde skal tilsvarande ikkje vere større enn 31m. *Ansvarleg for arkitektonisk utforming skal dokumentere sentral godkjenning i tiltaksklasse 3 innanfor fagområdet arkitektur.*

Endringa vert å innarbeide i føresegnene.

**Formannskapet 03.04.2020:****Behandling:**

Habiliteten til medlemmane Unny Haugen og Einar Ekroll har vore vurdert av kommuneadvokaten, og kommunedirektøren la fram advokaten sitt syn på saka. Habiliteten til medlemmane vart vurdert. Einar Ekroll og Unny Haugen gjekk frå ved vurdering av habilitet. Kjartan Bleie tok Einar Ekroll sin plass. 6 røysteføre. Einar Ekroll vart samr kjend ugild, jmf Forv.I § 6 b Særegne forhold. Kjartan Bleie tok hans plass under handsaminga av saka. Unny Haugen vart kjend gild med 5 mot 1 røyst (AM Beitveit), og tok sete att. 7 røysteføre.

Ingeniør Geir Eide, teknisk sektor informerte om saksgangen.

**Oversendingsframlegg frå Olav Myklebust, Sp**

Formannskapet ber administrasjonen (i dialog med Larsnes Mek Verkstad) om å vurdere ei flytting av dokka og høghallen lenger aust på eigedomen, fram mot kommunestyrebehandlinga av denne saka 28. april 2020

**Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.**

Oversendingsframlegget frå Olav Myklebust vart med 4 mot 3 (H) røyster vedteke oversendt administrasjonen.

**FSK- 52/20 Vedtak:****Formannskapet tilrår:**

Reguleringsplan for Larsnes Mekaniske Verksted med vedlegg:

2298-100 reguleringsplan på grunnen\_rev 4\_10.02.2020,  
2298-101 reg \_sjøbotn\_rev 4\_10.02.2020,  
2298-102 reg \_sjøsøyla\_rev 4\_10.02.2020 og  
2298-Føresegner\_rev 10.02.2020

vert godkjent med fylgjande endring i reguleringsføresegnene:

§4.1.1 b) Planlagt tørrdokk kan byggast over med vist planlagt overbygg. Gesimshøgde skal ikkje overstige 30 m over tilgrensande kai-nivå. Mønehøgde skal tilsvarande ikkje vere større enn 31m. *Ansvarleg for arkitektonisk utforming skal dokumentere sentral godkjenning i tiltaksklasse 3 innanfor fagområdet arkitektur.* Endringa vert å innarbeide i føresegnene.

## **Kommunedirektøren si tilråding:**

Framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for Larsnes Mekaniske Verksted med vedlegg:

2298-100 reguleringsplan på grunnen\_rev 4\_10.02.2020,

2298-101 reg \_sjøbotn\_rev 4\_10.02.2020,

2298-102 reg \_sjøsøyla\_rev 4\_10.02.2020 og

2298-Føresegner\_rev 10.02.2020

vert godkjent med fylgjande endring i reguleringsføresegnene:

§4.1.1 b) Planlagt tørrdokk kan byggast over med vist planlagt overbygg.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 30 m over tilgrensande kai-nivå. Mønehøgde skal tilsvarande ikkje vere større enn 31m. *Ansvarleg for arkitektonisk utforming skal dokumentere sentral godkjenning i tiltaksklasse 3 innanfor fagområdet arkitektur.*

Endringa vert å innarbeide i føresegnene.

**Vedlegg:**

2298 Planomtale\_rev 4\_10 02 2020  
2298 Vurdering av verknadar\_C7-1\_rev3\_10 02 2020  
2298-100\_rev 10\_02\_2020  
2298-101\_rev 10\_02\_2020  
2298-102\_rev 10\_02\_2020  
2298-C7-2\_3D-illustrasjon\_rev 3\_10-02-2020  
2298-Føresegner\_rev 10 02 2020  
Geoteknisk prosjekteringsrapport  
19049-RIG01 Geoteknisk Datarapport - Larsnes Mekaniske Verksted  
Støvvurdering SINUS  
Merknader til reguleringsplan  
Merknader til mindre reguleringsendring Larsnes Mek  
Merknader til Larsnes mek. Verksted - planendringer  
Kommentarer til møtereferat 270220  
Kommentarer til siste planendring / møtereferat datert 27/1-2020  
Kommentarer til siste planendring / møtereferat datert 27/1-2020  
Merknader med kommentar (14840)  
Kommentar til møtereferat - merknad til reguleringsendring  
Innspill til saken om utvidelse av Larsnes Mek V  
Innspill til saken om utvidelse av Larsnes Mek V  
Tilbakemeldinger på kommentarer fra tiltakshaver Larsnes Mek  
Tilbakemeldinger på kommentarer fra tiltakshaver Larsnes Mek  
Uttale til revidert forslag til reguleringsplan for Larsnes Mekaniske Verksted AS - Gnr. 87 bnr. 2 m.fl - Sande kommune  
Uttale til offentlig ettersyn av Detaljregulering for Larsnes Mek. Verkstad AS - Sande kommune - Møre og Romsdal fylke.  
Innspill til planer ved Larsnes Mek. Verksted  
NVE sin uttale 2. gongs offentlig ettersyn - Detaljplan for Larsnes Mek. Verksted AS - Larsnes - Sande kommune  
Innspill til planer ved Larsnes Mek.  
Høyringsuttale - reguleringsplan for Holmen/Larsnes Mek. Verksted AS  
Høyringsssvar - planendring Larsnes Mek Verksted  
Uttale til offentlig ettersyn  
Merknad til detaljreguleringsplanen for Larsnes Mekaniske Verkstad AS  
Sande - reguleringsplan Larsnes Mek. Verkstad AS - offentlig ettersyn - trekking av motsegn  
Sande kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Larsnes Mek. Verksted AS - fråsegn ved offentlig ettersyn  
Møtereferat  
LM kommentar til planomtale  
Varsel om mindre reguleringsendring Larsnes Mek

**Saksopplysningar:**

Tiltakshavar Larsnes Mek. Verksted AS ønska å fremje eit privat reguleringsforslag for området Holmen i Larsnes.  
Arealet som er omhandla i reguleringsforslaget er i si heilheit eigd av Larsnes Mek. Larsnes Mek. knytte til seg AG Plan og arkitektur som fagrådgjevar.

Det er halde oppstartsmøte og oppstart av reguleringsarbeidet er annonsert i lokalavis og lagt ut på heimesida til Sande kommune. Det vart halde ope folkemøte om oppstart av planarbeidet. Møte var varsla med annonse i lokalavis og på kommunen si heimeside.

Regulering av område for Larsnes Mek har pågått sidan 2018 og vore lagt ut til offentlig ettersyn 2 gongar. Første gong i tidrommet frå 09.11.2018 til 21.12.2018.

Tiltakshavar meldte 13.03.2019 eit ynskje om at detaljreguleringsplanen skal opne

for løyve til å bygge ein større hall over tørrdokka. Planendringa vart varsla med skriftleg varsel til berørte naboar, offentlege mynde og vart varsla med annonsering i lokal avis og lagt ut på heimesida til Sande kommune. Det vart halde ope folkemøte. Møtet var varsla med annonse i lokalavis og på kommunen si heimeside.

Reguleringsframlegget inneheld opparbeiding av tørrdokk med halloverbygg, lagerbygningar, kontorbygningar, utfylling i sjø med utviding av kaiområde, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, kjøyreveg, fortau, hamneområde, friluftsområde i sjø, grønstruktur, vegetasjonsområde og friområde. Områda er vist på 3 plankart: Over grunnen, på sjøbotn og sjøsøyla mellom sjøbotn og over grunnen. Føresegner for kvart av områda er beskreve i Reguleringsføresegner.

Innkomne innspel og merkadar har vore handsama av tiltakshavar og fagrådsgjevar. Handsaminga førte til at tørrdokk og hallen over tørrdokka vart flytta 10 meter mot aust. Den 17.02.2020 vart det sendt ut nabovarsel om endringa og vart gjeve ny frist til 13.03.2020 med å kome med merkadar til endringa.

Etter 2. gongs utlegging og nabovarsling av 17.02.2020 har det kome inn tilsaman 19 merknader og innspel.

Innspel og merknader er vurderte og kommenterte av Sande kommune. Dette er lagt ved i eige skriv.

### **Vurdering og konklusjon:**

Utbygging av Holmen som verftsområde har pågått i over 100 år og det har opp gjennom tida vore mange og nye tiltak som kvar for seg har ført fram til dagens Larsnes Mekaniske Verksted.

Auka krav til kontroll med både arbeidsoperasjonar og arbeidsplassar fører no bedrifta eit steg vidare.

Verftsindustrien er ein svært viktig industri for Sande kommune. Det at industrien utviklar seg må vi sjå på som eit svært positivt signal. Det at industrien ønskjer å utvikle seg her i Sande kommune er enda betre. Sande kommune må på ein medvirkande og positiv måte bidra til at industrien får gode rammer til å utvikle seg i konkurransedyktig og berekraftig retning. Det vil styrke heile vårt næringsliv. Eit solid næringsliv bidreg til at resten av samfunnet også får eit berekraftig grunnlag.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Planforslaget inneheld ikkje element som hindrar likestilling.

Konsekvensar for folkehelsa:

Planforslaget inneheld ikkje element som medfører forureining eller aktivitetar som får konsekvensar for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar:

Planforslaget inneheld ikkje element som kan medføre aktivitetar som vil skade miljøet. Det er ein føresetnad at all aktivitet på området vert drive i tråd med «Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)».

Økonomiske konsekvensar:

Planforslaget er fremja som privat forslag. Det er ikkje element i planforslaget som påverkar offentleg økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Larsnes Mekaniske Verksted er etablert med pågåande nært samarbeid med kommunens beredskap. Utbygging av elementa som framkjem i reguleringplanen vil også i framtida skje i samarbeid kommunens beredskap og i tråd med vedteken beredskapsplan.

Konsekvensar for barn og unge:

I reguleringsframlegget er det tilrettelagt for at tilkomst til Badeberget i Holmesundet skal vere ope og tilgjengeleg for allmeinta.

Konklusjon:

Det vert rådd til at planframlegget med vedlegg vert godkjent med fylgjande endring i reguleringsføresegnene:

§4.1.1 b) Planlagt tørrdokk kan byggast over med vist planlagt overbygg.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 30 m over tilgrensande kai-nivå. Mønehøgde skal tilsvarande ikkje vere større enn 31m. *Ansvarleg for arkitektonisk utforming skal dokumentere sentral godkjenning i tiltaksklasse 3 innanfor fagområdet arkitektur.*

Utskrift vert sendt til:

Larsnes Mek. Verksted AS  
AG Plan og arkitektur

Trond Arne Aglen  
kommunedirektør